

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	01/2020	Arkiv nr.:		Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Referat og meldingar..

- A. 200108 Kopi av brev frå Lom fjellstyre til Statskog. Spørsmål om tolking av §13 i forskrift om seter og tilleggsjord. 200110 E-post frå Statskog.
- B. 191206 Kopi av brev frå Forsvaret til Fylkesmannen. Militærøving 2020
- C. Bøvertjønningen Hytteforening Årsmøteprotokoll 28.09.19
- D. 2019 Rapport villreinjakt
- E. 200128 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon - 2020-2023 - Motorferdsel i samband med utleige av hytter – Lom fjellstyre
- F. 200113 Delegert vedtak - Jotunheimen NP - Dispensasjon 2020-2023 - Bruk av drone i samband med tamreindrift – Vågå tamreinlag
- G. Tjenestekjøp frå SNO til Lom Fjellstyre: Signert kontrakt - avtalennummer 20087018 - Motorferdsel. Signert kontrakt 20087148 bestandsregulering jerv. 200113 Brev frå Miljødirektoratet. Mulig endring i tjenestekjøp
- H. Delegert vedtak - Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2023 - snødekt mark - drift av turisthytter og kvisting av skiløyper - DNT Oslo og Omegn
- I. 200114 E-post utveksling om utplassering av geocache på Visbretinden
- J. Høyring frå Miljødirektoratet - Kvalitetsnorm for villrein. E-post frå NFS – uttalefrist.
- K. 200215 Informasjon frå villreinutvalet.
- L. 200206 Brev frå Statskog. Sluttutbetaling naust frå Grunneigarfondet.
- M. Høyring endring av lov om motorisert ferdsel og tilhøyrande forskrift
- N. 200218 E-post frå NFS. Vedk. § 47 i naturmangfaldlova og utføring av skjøtselstiltak i verneområde.
- O. 200225 E-post frå Luster Røde Kors. Luster RKH snøscooter 2020-2023.

Tillegg:

- P. 200303 E-post frå Statskog SF. Utsett frist for innlevering av revisjonsmelding.
- Q. 200310 Kopi av e-post til Jotunheimen Nasjonalparkstyre frå Kleppconsult. Søknad Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende Jotunheimen Nasjonalpark Lom Kommune.
- R. 200305 E-post frå Fjellstyrene i Oppland. Innkalling til årsmøte.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	02/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandler:	Åsmund Galde				

Gjennomgang og revidering av dei generelle bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningane.

Sakspapir:

- Sak 38/2013 Forvaltinga av elg og hjort
- Generelle bestemmelser vedrørende elg- og hjortejakt i statsallmenning. Revidert 2019.
- Elg- og hjortejakt i statsallmenning. Reaksjoner ved brudd på kontrakt. Revidert 2019.

Saksutgreiing:

Norsk fjellstyresamband har i fleire år utarbeidd «generelle bestemmelser», «reaksjoner ved brot på kontrakt» og «kontraktsformular» for jakt på elg- og hjort på statsallmenningane som fjellstyra blir oppfordra til å bruke. Fjellstyret har brukt desse dokumenta, sist etter gjennomgang og vedtak i sak 38/2013. NFS har i 2019 gjort endringar i desse dokumenta, og fjellstyret blir oppmoda om å gjere vedtak slik at endringane blir gjeldane for våre statsallmenningar.

I dei «generelle bestemmelsene» er det gjort mindre språklege endringar og lagt til desse punkta/tillegga:

1h: Fjellstyret kan velje å selje jaktkort på elg for en kortere periode. Punkt 3-7 i denne avtalen vil da gjelde i tillegg til lokale bestemmelsane angående korttidsjakt.

3h: Fjellstyret kan etter søknad godkjenne at personer tas med på opplæringsjakt under hele jaktperioden. Med opplæringsjegere er personer som er under 18 år eller har avlagt jegerprøve siste 365 dager innen jaktperioden starter. Opplæringsjeger regnes ikke inn i fordelingen mellom innenbygds og utenbygds. Tilleggskontrakt skal fylles ut før opplæringsjeger deltar.

5a: ... All rapportering av elg/hjort som er sett og/eller skutt skal legges inn på www.settogskutt.no senest 5 dager etter at jakta er avsluttet.

I «reaksjoner ved brot på kontrakt» er det mindre språklege endringar. Punkt G og H i «reaksjoner ved brudd på kontrakt» bør som tidlegare gå ut sidan fjellstyret regulerer dette i lokale bestemmelser.

Kontraktformular, tilleggskontrakt og vekt- og fellingsrapport er uendra.

Vidare saksgang:

Forslaget vert sendt viltneimnda til uttale, og varsla og lagt ut på heimesida til offentleg gjennomsyn, med ein frist for å kome med merknader. Når fristen er ute og uttala frå viltneimnda ligg føre, behandlar fjellstyret saka på nytt og legg det endelege vedtaket ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket før det vert gyldig.

Vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret vedtek å leggje desse endringane i bestemmelsane/vilkåra som gjeld for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning ut til offentlig gjennomsyn med frist til 29. mars til å kome med merknader til forslaget, før det vert gjort endeleg vedtak:

- Dei «generelle bestemmelsene» vert endra i samsvar med forslaget frå NFS.
- «*Reaksjonar ved kontraktsbrudd*» vert endra i samsvar med forslaget frå NFS, men punkt G og H går ut.

Etter at fristen for å kome med uttale er ute, og uttale frå viltneimnda er innhenta, vert saka behandla på nytt og lagt ut til offentlig ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltneimnda i Lom kommune – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	03/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Revidering av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Sakspapir:

- Sak nr 19/2016. Endring av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningen.
- Lokale bestemmelser vedrørende elg- og hjortejakt i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Saksutgreiing:

Fjellstyret hadde sist ein gjennomgang av dei lokale reglane om elg- og hjortejakta i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning i sak 19/2016.

Fjellopsynet ynskjer å endre punkt 1, andre avsnitt som seier at:

«Jeger med jakt på statsallmenning kan ikkje jakte på eigen grunn, privat grunn eller annan statleg grunn før årets kvote på tildelt område på statsallmenning er felt. Dersom søkjaren held att opplysningar eller feilinformerer, eller jaktar på eigen grunn, privat grunn eller annan statleg grunn, før jakta på statsallmenning er avslutta, kan fjellstyret vedta å utelukke vedkomande jeger eller oppheve kontrakta med jaktlaget.»

Det har vist seg vanskeleg for oppsynet å kontrollere og handheve denne regelen. Opplysningar og informasjon om ein jegers jakt på anna terreng må baserast på tillit eller opplysningar frå andre, og det er vanskeleg å få til ei rettferdig handheving av bestemmelsen. Eg kan heller ikkje sjå at fjellstyret har heimel til å nekte dei som er tildelt jakt på statsallmenning å jakte på privat terreng. Fjellstyret kan etter §23 i fjellova innskrenke tida, måten og området for jakta. Elles er det forskrift om jakt, felling, fangst og fiske som regulerer vilkår for tildeling og jakt på statsallmenningen og seier at tildeling skal skje ved loddtrekning. Fjellstyret kan syrgje for ei rimeleg fordeling mellom innanbygds og utanbygds jegerar, men elles skal alle stille likt.

Vidare saksgang:

Forslaget vert sendt viltneimnda til uttale, og varsla og lagt ut på heimesida til offentleg gjennomsyn, med ein frist for å kome med merknader. Når fristen er ute og uttala frå viltneimnda ligg føre, behandlar fjellstyret saka på nytt og legg det endelege vedtaket ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket før det vert gyldig.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å leggje dette forslaget til endringar av dei lokale bestemmelsane for elg- og hjortejakt i statsallmenningen ut til offentleg gjennomsyn med frist 29. mars til å kome med merknader til forslaget, før det vert gjort endeleg vedtak:

Møtebok – Lom fjellstyre

Punkt 1, andre avsnitt om at «jeger med jakt på statsallmenning ikkje kan jakte på eigen grunn, privat grunn eller annan statleg grunn før årets kvote på tildelt område på statsallmenning er felt» går ut.

Etter at fristen for å kome med uttale er ute, og uttale frå viltnemnda er innhenta, vert saka behandla på nytt og lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltnemnda i Lom kommune – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	04/2020	Arkiv nr.:	612.0	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Kortidsjakt på elg- og hjort i Vårdalen, Visdalen og Leir. Og Bøverdalen statsallmenning.

Sakspapir:

- Sak 28/2016. Endring av prisar og jaktordning for storviltjakt

Saksutgreiing:

Fjellstyret gjorde i sak 28/2016 slik vedtak om kortidsjakt på restkvote av hjort:

1. Jaktida for hjort vert sett til f.o.m. 1.9. t.o.m. 30.11. Jaktlag som vert tildelt elg- og hjortejakta på dei ymse felte, skal det opprettast avtale om jakt med t.o.m. den 31.10.
2. Jakt på ein eventuell restkvote eller tilleggsdyr av hjort vert utbode til enkeltjegerar/ mindre jaktlag etter desse prisane og reglane:

Periode	Hovudjeger	Tilleggsjeger	Kilopris felte dyr
1 dag	Kr. 200	Kr. 100	Kr. 73,00
3 dagar	Kr. 400	Kr. 200	Kr. 73,00
5 dagar	Kr. 600	Kr. 300	Kr. 73,00

1. Kjøp av jaktkort er ein eingongssum for å få lov til å jakte ein periode. Ved felling av dyr kjem kilospris i tillegg.
2. Jakta vert annonsert på heimesidene til fjellstyret. Når fleire melder seg interessert i same perioden, vert trekking blant søkerane gjort på fjellstyrekontoret. Jegerar som har hatt jakt ein periode, vert nedprioritert i høve til nye jegerar.
3. Fjellstyret skal sjå til at det over tid vert ei fordeling 40/60 mellom utanbygds/innanbygds jegerar.

Denne ordninga har fungert bra. Det har vore god søknadsmasse, og jegerane har felt dyr både frå restkvote og tilleggsdyrkvote. Sist år var det 14 jegerar eller lag som søkte, og 5 dyr vart felt. Denne ordninga er eit godt verktøy for å sikre høg fellingsprosent. Samstundes er det ei opning får at fyrstegongsjegerar og andre som ikkje er medlemmar av eit jaktlag kan få prøvd seg som storviltjegerar.

Etter at jaktidsrama for elg nå er utvida til 23.12 er det naturleg å vurdere om ein skal forlengje jaktida og innføre same ordning for jakt etter elg. Jaktida får hjort er sett til 30. november og det er naturleg at jakta for elg- og hjort sluttar likt. Ein kan vurdere å utvide jaktida for både hjort- og elg til 23. desember, men i tida fram mot jul er det ofte mykje snø og færre dyr i dei fleste allmeningsfelte. Av hensyn til viltet og gjenverande stamdyr kan det frå år om anna være vanskeleg å tilrå jakt denne tida. Alternativt kan ein opne for jakt fram til 23. desember og delegere til oppsynet om det skal opnast for jakt eller ikkje.

Samstundes er det ynskjeleg å gjere justeringar på eksisterande ordning. Vi ser at det er mest hensiktsmessig og høgast etterspørsel etter 5 dagars perioder. Stuttare tid gjev uforholdsmessig mykje administrasjon og mindre håp om felling. Det bør og vurderast om ein skal sjå på kortprisen som ei grunnavgift, slik at denne kjem til fråtrekk ved opgjær for felt dyr.

Møtebok – Lom fjellstyre

Vidare saksgang:

Forslaget vert sendt viltnemnda til uttale, og varsla og lagt ut på heimesida til offentleg gjennomsyn, med ein frist for å kome med merknader. Når fristen er ute og uttala frå viltnemnda ligg føre, behandlar fjellstyret saka på nytt og legg det endelege vedtaket ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket før det vert gyldig.

Vedtak:

Følgjande forslag vert lagt ut til offentleg gjennomsyn med frist 29. mars til å kome med merknader, og sendt vilt- og innlandsfiskeremnda i kommunen til uttale:

1. Jakttida for hjort vert sett til f.o.m. 1.9. t.o.m. 30.11. og jakttida for elg f.o.m. 25.9 t.o.m 30.11. For jaktlag som vert tildelt elg- og hjortejakta på dei ymse felte, skal det opprettast avtale om jakt med t.o.m. den 31.10.

2. Jakt på ein eventuell restkvote eller tilleggsdyr av hjort- og elg vert utbode til enkeltjegerar/ mindre jaktlag i 5 dagars periodar etter desse prisane og reglane:

<i>Hovudjeger:</i>	<i>Tilleggsjeger:</i>	<i>Kilopris felte dyr:</i>
<i>Kr. 600</i>	<i>Kr. 300</i>	<i>Kr. 80,00</i>

1. Kjøp av jaktkort er ein eingongssum for å få lov til å jakte ein periode. Ved felling av dyr er det oppgjer etter vekt/kg. Innbetalt kortpris kjem til fråtrekk.

2. Jakta vert annonsert på heimesidene til fjellstyret. Når fleire melder seg interessert i same perioden, vert trekking blant søkjarane gjort på fjellstyrekontoret. Jegerar som har hatt jakt ein periode eller ordinær jakt på statsallmenning, vert nedprioritert i høve til nye jegerar.

3. Er det fleire søkerar enn kort skal fjellstyret sjå til at det over tid vert ei fordeling 40/60 mellom utanbygds/innanbygds jegerar.

Etter at fristen for å kome med uttale er ute, og uttala frå viltnemnda er innhenta, vert saka behandla på nytt og lagt ut til offentleg ettersyn med ein frist på tre veker til å kome med merknader til vedtaket.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltnemnda i Lom – som e-post
- Lom jeger- og fiskerforening v/Jørgen Vole

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	05/2020	Arkiv nr.:	612.1	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Elg- og hjortejakta i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Plan for fordeling av innanbygds og utanbygds jaktlag i perioden 2020-2024.

Sakspapir:

- Forslag til plan for fordeling av i.b. og u.b. jaktlag. 2020-2025.
- Fordeling mellom i.b. og u.b. jaktlag for perioden 2015-2019.
- Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.
- Retningslinjer til forskrift av 3. mars 2004 om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

Saksutgreiing:

Av retningslinjene frå miljødirektoratet til forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning går det fram at det skal være ei fordeling av innanbygds og utanbygds jaktlag der maksimalt 60% av fellingsløyva til storviltjakt kan førebeholdast innanbygdsbuande. Av retningslinjene går det fram at det einsskilde år kan fråvikast frå denne regelen, men at det påfølgjande år skal kompensrast for dette. Fjellstyret skal da laga ein plan for fordelinga av dei ymse felte og fellingsløyver, slik at fordelinga over tid gjev maksimalt 60% av fellingsløyva til innanbygdsbuande.

Vedlagt ligg plan som syner fordelinga i åra 2015-2019 og forslag til plan for åra 2020-2025.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret vedtek plan for fordeling av innanbygds og utanbygds jaktlag for perioda 2020-2025 som foreslege.

Vedtak:

Som framlegget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom jeger og fiskarforening – til orientering
- Viltnemda i Lom kommune – til orientering

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	06/2020	Arkiv nr.:	362.3	Møtedato:	11.03. 2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning.

Søknad om løyve til å sette opp gjetarbu på Gjendetunga.

Sakspapir:

- Søknad 21.02.2020 frå Lom Tamrein AS og Vågå tamrein AS om løyve til å sette opp Gjetarbu på Gjendetunga.

Saksutgreiing:

I e-post 6. februar har fjellstyret motteke søknad frå Lom tamrein AS og Vågå tamrein AS om løyve til å sette opp ei gjetarbu på Gjendetunga. Det er søkt om ei bu i tradisjonell byggestil på om lag 30m² med ein frittstående utedo/vedlager. Bua skal ha enkel standard og vil bli fundamentert på ein slik måte at den kan rivast utan at det blir synlege spor i terrenget. Plasseringa er kartfesta på vedlagt skisse.

I søknaden opplyser dei at tamreinlaga nyttar området vest for Gjende som beite for reinen og har beiteleigeavtaler på statsallmenningene i Lom, Vågå og Vang kommune. På sommarstid foregår all gjeting til fots, og på vinteren blir det nytta snøscooter.

Området vest for Gjende grensar mot Fram reinlag og villreinområdet i Vest Jotunheimen. I søknaden blir det framheva at det er særskilt viktig for tamreinlaga å hindre ei sammanblanding med villrein eller andre tamreinflokkar. Etter at det vart påvist CWD i Nordfjella har det vorte eit auka fokus på å unngå sammenblandingar mellom ulike reinsflokkar for å redusere risikoen for spredning av sjukdommen. Dette krev intensiv gjeting av reinen i eit område som er langt av lei med mykje vanskeleg terreng. Avslutningsvis skriv dei at fjelloppsynet skal få tilgang og kan nytte bua ved behov.

Opplysningar og merknader:

Lom tamrein AS har ein vinterflokk på om lag 2400 dyr, sysselset 4-5 årsverk og er ein betydeleg næringsaktør på statsallmenningane i Lom. Dei har sidan oppstarten i 1926 hatt beiteleigeavtale med fjellstyret og brukar det meste av statsallmenningane i Lom som beiteområde. Vågå tamrein AS er av om lag same størrelse og har beiteleigeavtaler med Vågå fjellstyre. Det er opplyst i søknaden at begge laga leiger beite hjå Vang fjellstyre.

Beiteleigeavtalene er heimla i fjellova §17, og er ikkje ein bruksrett. Løyve til oppføring av bygningar må difor behandlast etter §12 i fjelloven og er å sjå på som ei grunnDisponering der Statskog tek avgjerd. Før Statskog tek avgjerd skal Fjellstyret ha høve til å kome med uttale i saka. Vidare etter § 12 står det: «Iverksetjing av grunnDisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.»

Møtebok – Lom fjellstyre

Fjellstyret skal i si uttale vurdere ulemper som kan bli påført dei med bruksrett, men skal og vektlegge naturvern, friluftsliv og andre brukarinteresser i allmenningen. Bua er tenkt plassert i eit område som vanlegast ikkje blir brukt av beitedyr, men som ligg i tilknytning til beiteområda som Storådalen beitelag nyttar. Det er ikkje gjeve signal i søknaden som tyder på at ein ynskjer ei endring av beitebruken til tamreinlaga, men at bua skal gjere det lettare å hindre at reinen trekk vidare vestover mot Luster og Vang. Så lenge beitebruken ikkje forandrar seg, er det vanskeleg å sjå at bua i seg sjølv har negativ påverknad for utøving av bruksretten.

Området som bua er tenkt plassert i ligg innanfor Jotunheimen nasjonalpark, i eit villmarksprega område med store naturverdiar. Tidlegare stod det eit naust ved Grisletjernet som var knytt til seter- og turistdrift på Gjendebu, dei siste restane av dette vart fjerna på 90 talet. I dag er det ikkje buer, naust eller andre større inngrep i området. DNT stigane frå Gjendebu til Olavsbu, Gjendebu-Mjølkedalen-Skogadalsbøen og Gjendebu-Eidsbugarden ligg tett inntil. Sett i ljøs av tilrettelegginga og terrengslitasje som er særleg merkbar på ruta Gjendebu-Olavsbu, er det vanskeleg å definere området som urørt, men ei gjetarbu vil framstå som eit nytt element i området.

Plassen bua er tenkt ligg om lag 2 timers gange frå Gjendebu og 2,5 timers gange frå Olavsbu. Plassen er strategisk plassert for å overvake og hindre rein på trekk vestover. Dette gjeld både Lom sin flokk på nordsida av Gjende-Storådalen og Vågå sin flokk på sørsida. Til nå har tamreinlaga brukt ein lavo til opphald for gjeterane, men det er forståeleg at dei har behov for ei bu. Dagens krav til HMS for dei tilsette styrkar dette behovet. Området er forholdsvis utilgjengeleg, værhardt og har dårlege sambandsforhald.

Tamreinlaget grunnjev søknaden sin med eit stort behov for intensiv gjeting mot grenseområda for villreinområdet i Vest-Jotunheimen og andre tamreinlag. Personleg meddeling frå reinsgjetarane syner til at auka turisme er ein medverkande årsak til at reinen blir pressa vestover mot mindre belasta områder. Utbrotet av sjukdommen CWD har ført til at tamreinlaga har eit høgt fokus på å avgrense smittespreiing av sjukdommen som potensielt kan være øydeleggjande for hjorteviltbestane over heile landet. Over heile landet har det vorte brukt kraftige tiltak og store ressursar for å hindre spreining.

Størrelse, utforming og plassering av bua vil ha stor betydning for påverknaden på landskapet. Plasseringa som er synt til i søknaden er slik sett ideel, utan innsyn frå stigen til Olavsbu eller mot Eidsbugarden. Gjetarbuer elles i verneområda våre er nesten utan unntak begrensa til høgst 20m². Tamreinlaget er ofte fleire gjeterar, driv gjeting vinterstid og har slik sett kanskje eit større behov for areal enn fegjetarar.

Søknaden har vore varsla og lagt ut på fjellstyret si heimeside og sendt til Storådalen beitelag v/ Hans Erik Kolden på e-post. Det har ikkje kome inn merknadar.

Forslag til uttale:

Fjellstyret ser behovet Lom tamrein AS og Vågå tamrein AS har for ei gjetarbu i området som er skissert i søknaden og tilrår at Statskog på desse vilkåra gjev løyve til eit feste for oppføring av gjetarbu:

Møtebok – Lom fjellstyre

- Arealet på gjetarbua og tilbygg/utedo må samla begrensast til 30m².
- Endeleg plassering må bestemast etter synfaring med fjellstyret/Statskog og nasjonalparkforvaltinga.
- Gjetarbua må utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk. Farge og materialval må gå mest mogleg i eitt med landskapet. Teikningar må godkjennast av Statskog.
- Fjellopsynet må få tilgang til bua etter behov.

Fjellstyret meiner at argumenta for å legge til rette for ei intensiv gjeting av tamrein i dette området veg tyngre enn dei negative påverknadene gjetarbua vil få på landskapet og naturverdiane.

Det må innhentaast løyve til bygginga frå Jotunheimen nasjonalparkstyre og bygningsmyndigheitene i kommunen.

Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF - som e-post
- Beitelaget i Storådalen – som e-post
- Jotunheimen nasjonalparkstyre – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	07/2020	Arkiv nr.:	316.2	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Generelle reglar og retningslinjer for gjerde rundt fritidshytter, campingvogner, bilar m.m. i statsallmenningene i Lom.

Sakspapir:

- E-post frå mattilsynet 18.02.20 – Forvaltningspraksis strømgjerder.
- Kopi av avtale mellom Statskog og Lesja fjellstyre – Regler for gjerder rundt fritidshytter i statsallmenningane i Lesja kommune.
- Kopi av avtale mellom Statskog og Dovre fjellstyre – Regler for gjerder rundt fritidshytter i statsallmenningane i Dovre kommune.

Saksutgreiing:

Fjellstyret ynskjer med denne saka å vurdere tidlegare praksis knytt til gjerdespørsmål og å diskutere endringar som kan være aktuelle. Målet er å trekkje opp generelle retningslinjer for fjellstyret si handsaming av søknader om oppsetting av gjerde rundt fritidshytter, campingvogner og bilar, og at alle brukarinteressane i allmenningane får høve til å uttale seg før fjellstyret tek avgjerd.

Oppføring av mellombelse eller permanente gjerde rundt fritidshytter, campingvogner eller bilar i statsallmenningane er ikkje tillate, med mindre Statskog har gjeve særskilt løyve til dette. Dette gjeld så vel strømgjerde som andre typar gjerde. Ved behandling av søknader knytt til oppsetting av gjerde skal fjellstyret gje fråsegn før Statskog tek avgjerd.

Dei siste åra har fjellstyret behandla fleire søknader knytt til oppsetting av gjerde for fritidsformål. Det har vore ført ein streng praksis når det gjeld søknader om inngjerding, og med få unntak har fjellstyret fråråda løyve til dette. Tidlegare har det vore ein del ulovleg oppsette strømgjerde rundt fritidshytter, campingvogner og bilar rundt om i allmenningane, men dette har Statskog i samråd med fjellstyret og fjelloppsynet skjerpa inn og teke meire fatt i dei siste åra.

Med bakgrunn i at fjellstyret ser ei auka mengd av søknader knytt til gjerding, og at det er ei innskjerpa håndheving av ulovleg oppsette gjerder, er det ynskjeleg å ta ein generell gjennomgang av handsaminga av gjerdesaker knytt til fritidsformål i allmenningen.

Opplysningar og merknader:

Som synt til i saksutgreiinga har fjellstyret fram til nå vore restriktive, og med få unntak frå råda løyve til oppsetting av gjerde knytt til fritidsformål. Reglar og retningslinjer som endrar denne praksisen bør varslast og leggjast ut til offentleg ettersyn slik at alle partar får høve til å uttale seg.

Lovgrunnlaget

Å sette opp eit gjerde på statsallmenning er eit grunnDisponeringstiltak å krev løyve frå Statskog etter §12 i fjellova og «*kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade*

Møtebok – Lom fjellstyre

for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern.» Før Statskog tek avgjerd «skal fjellstyret og i tilfelle allmenningsstyret ha hatt høve til å kome med fråsegn i saka.»

Kommuneplanens arealdel og reguleringsplaner kan ha føresegner om gjerder. I Lom er det ikkje sett føresegnar om gjerde i kommuneplanens arealdel. Etter ein gjennomgang av planane på allmenningsgrunn synes det som at det berre er kommunedelplanen for Nordsetrene som gjev føresegner om gjerder. Der er det for campingområdet ved Ilva sagt at: «Det er ikkje tillate med andre former for faste installasjonar, ”spikertelt”, inngjerding eller liknande i tilknytning til bruken av området for camping.»

Når det gjeld sjølve gjerda kan statskog som grunneigar sette krav til utforming, materialbruk m.m. Vidare seier dyrevelferdslova §15 at gjerder skal «utføres eller oppføres og holdes ved like slik at dyr ikke utsettes for fare for unødige påkjenninger og belastninger. Det skal ikke brukes piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel. Den som er ansvarlig for bygningen, gjerdet og innretningen, skal føre nødvendig tilsyn med disse og gjennomføre nødvendige tiltak for å kunne oppdage, forebygge og avhjelpe fare for unødige påkjenninger og belastninger.»

Når det gjeld strømgjerder har mattilsynet gjeve fylgjande uttale om sin forvaltningspraksis i e-post 18.02.2020:

«Vi er kjent med at elektriske nettinggjerder med tynne glassfiberstolper har blitt brukt for å holde småfe unna hytter og campingvogner, og at dyr har satt seg fast eller surret seg inn i gjerdene slik at de har dødd eller blitt påført lidelser. En eller to elektriske tråder med slike tynne glassfiber/plaststolper har også blitt brukt. Begge disse gjerdetyperne gir lite fysisk motstand, slik at dyr lett kan sette seg fast i dem dersom de ikke er tilkoblet strøm som gjør at dyrene straks trekker seg tilbake ved kontakt med dem. Erfaringsmessig kan strømtilførselen til elektriske gjerder være noe ustabil, særlig om de står mot utmark, og er oppsatt av personer med lite erfaring med elektriske gjerder.

Med bakgrunn i Dyrevelferdsloven §15 har Mattilsynets vurdering av slike gjerder vært at de alltid må ha strøm tilkoblet, og at det må være daglig tilsyn med dem. Bare da vil slike gjerder være oppført og ført nødvendig tilsyn med slik at dyr ikke er utsatt for unødig fare for unødige påkjenninger og belastninger. Hvis en hytteeier bare fører tilsyn med gjerdene og eiendommen hver eller annenhver helg, vurderer vi at de må de velge andre gjerdeløsninger uten bruk av strøm, som f.eks skigard, eller gjerder med solid og egnet gjerdenetting og solide gjerdestolper.»

Praksis i tilliggande statsallmenninger

Når det gjeldt fritidshytter har Vågå, Lesja og Dovre fjellstyre inngått avtale med Statskog der dei i felleskap etter søknad kan gje tillatelse til inngjerding av x antal løpemeter. I Vågå blir det gjeve løyve til inntil 20 løpemeter, der gjerdet skal vera festa i hytteveggen. Dovre og Lesja har noko meir, 50 løpemeter. I tillegg blir det sett krav til gjerde av treverk, reglar om høgde og ljøsopning. Gjerda skal ikkje stenge av råk eller stigar som blir brukt av folk eller dyr. Felles for avtalane er at hensikta er å opne for ei avgrensa inngjerding av inngangsparti og/eller platting/veranda.

Møtebok – Lom fjellstyre

Når det gjeld mellombels inngjerding av campingvogner og bilar blir det ikkje gjeve løyve til dette hjå andre. Det er generelt ei restriktiv haldning til bruk av strømgjerder.

Vurdering

Eit gjerde kan ha både positiv og negativ påverknad på ulike partar. Omsyn til beitebruk, fri ferdsel, estetikk og dyrevelferd er moment som må tillegast vekt. Samstundes må ein ta med seg at eit gjerde på rett plass kan virke konfliktdempande og betre tilhøva for alle partar.

Fritidshytter

Alle fritidshyttene i allmenningane ligg i område som blir brukt til utmarksbeite, og med få unntak er det punktfestekontrakter der eigarane har ein begrensa disposisjonsrett over tomta. Søknader knytt til gjerding har nesten utan unntak vore grunna med ulemper knytt til beitedyr. Fjellstyret har ikkje tillagt dette vekt utan heilt særskilte tilfeller der både beitebrukarar og hytteeigarar har ynskt gjerde. Generelt verkar det ikkje å være mykje konflikter mellom beitebrukarar og hytteeigarar.

Av omsyn til sjølve allmenningsbegrepet bør det prinsipielt være strenge reglar mot inngjerding av fritidshytter på statsallmenning. Dette er fyrst og fremst av omsyn til beiteretten, men og den frie ferdselen, dyrevelferd og estetiske omsyn vil kunne bli påverka negativt. Det er og viktig og vurdere totalbelastninga ein endra praksis kan gje og ikkje berre vurdere det som enkeltstående saker. Jordvern blir ofte brukt om dyrka jord, men same tankegangen er og aktuell for beitemark.

Sett frå ei anna side kan det sjåast på som urimeleg at ein ikkje kan få gjerde frå eit avgrensa areal inne på eit hyttetun. Dersom ein tar Vågå sitt eksempel med 20 løpemeter, tilsvarar dette 50m² pr. hyttefeste. Dette utgjer ein forsvinnande liten del av det totale beitearealet. Eit slik størrelsesomfang vil heller ikkje kunne påverke ferdsel eller være så visuelt dominerande som inngjerding av ei heil tomt. Med krav om lik utforming, bruk av tre m.m. kan ein minimere negative konsekvensar knytt til estetikk og dyrevelferd.

Midlertidige gjerder rundt campingvognar og bilar

I nokre tilfeller blir det utan løyve set opp midlertidige strømgjerde rundt parkerte bilar og campingvognar. Dette har oppsynet forsøkt å ta tak i fortløpande, men ein ser likevel at det blir gjort. Som synt til tidlegare er mattilsynet skeptiske til slik bruk av strømgjerder og syner til eksempel der det ikkje har gått så bra. I Lom har vi hatt fleire tilfeller det beitedyr har satt seg fast i strømgjerde, vorte påført store lidingar og døydd.

Strømgjerde og andre midlertidige gjerde treng løyve frå grunneigar på same måte som permanente gjerder. Ved eit eventuelt løyve må krav til dagleg ettersyn, strøm og utforming presiserast. Med dei ulempene ein ser med strømgjerde knytt til dyrevelferd og estetikk, kan det være vanskeleg å forvare at ein skal tilråde løyve til dette. I enkelte tilfelle kan ein sjå at beitedyr kan påføre parkerte campingvognar og bilar skader, kanskje spesielt knytt til seterområde, men dette er vanlegvis ikkje eit stort problem.

Møtebok – Lom fjellstyre

Der det er heilt spesielle tilhøve som gjer det naudsynt med tiltak bør ein kanskje heller tilrå løysingar med permanent inngjerding av parkeringsplassar.

Plassar tilrettelagd for camping

Fjellstyret har 3 plassar som er tilrettelagd for camping. Ein ved gammel Ilva ved Nåvårstrene, ein ved Vassenden på Tesse og ein ved Prestsetrane ovanfor Dalsvatnet. Alle tre ligg i beiteområder. På dei to plassane ved Tesse har det aldri våre spørsmål om og heller aldri vore oppsett gjerder. På Dalsvatnet har det i fleire år vore brukt strømgjerder rundt vognane, før oppsynet stramma inn denne praksisen i 2019. Ein søknad om løyve til bruk av strømgjerde eller permanent inngjerding av heile plassen vart fråråda i sak 35/2019.

Desse plassane kom på plass i 1986 etter ei oppmoding frå setereigarane på Prestsetrane om at det burde førast opp ein utedo. Stadig fleire tilreisande til området gjorde at dei meinte dette var nødvendig. I samband med denne oppmodinga bestemte fjellstyret seg for å sette opp utedoar på bandet ved Prestsetrane, ved vassenden på Tesse og ein ved Gammelilva ved Nåvårstrene. Over tid har desse plassane vorte meir nytta, og det har vore akseptert at områda i tilknytning til utedoane har vorte nytta til langtidsparkering av campingvagnar/langtids camping. Fjellstyret og Statskog har hatt ein uformell overeinskomst om grunneigars løyve til telting/rasting utover dei to døgn som er heimla i frilufsloven §9. For utedoane ved bandet på Prestsetrane og ved Gammelilva ved Tesse er det ikkje gjort noko formell behandling om bruken av områda av korkje fjellstyret, Statskog eller kommunen. Plassen ved Vassenden ved Tesse er som synt til tidlegare omfatta av kommunedelplan for Nordsetrane med begrensingar for gjerde m.m..

Erfaringar frå gjerdebruken på Prestsetrane syner at det blir lagt beslag på eit mykje større areal pr. brukar/vogn ved å tillate inngjerding. Fortelt, utemøblar, plass til bil m.m. er ofte noko som er med i «tomtearealet». Dette står som regel oppe gjennom heile sesongen. Totalt sett er dette visuelt skjemmaende, og langvarig bruk av strømgjerde kjem fort i strid med dyrevelferdslova og krav til ettersyn, strøm m.m.

Eit alternativ er å gjerde inn plassane med permanent gjerde. Om fjellstyret skal stå for dette må kostnad og ressursbruk knytt til gjerde og administrasjon av ein campingplass vurderast nøye mot påverknad av primæroppgåvene til fjellstyret, hensyn til bruksrettane, andre brukarar og eksisterande næringsliv. Meir tilrettelegging vil heilt sikkert medføre auka bruk. Ein vil få auka terrengslitasje, meir arbeid med ettersyn, dotøming, renovasjon og vedlikehald. Auka trafikk og bruk kan gje større påverknad på tilliggande setrar og beitebruk. Plassane kan oppfatast som konkurrentar til eksisterande næringsliv. Det kan bli behov for større areal eller krevje ei meir omfattande regulering av bruken. Eit slikt tiltak vil fort bli av ein større sak som kan krevje festeavtale, løyve frå kommunen m.m. Samla kjem ein inn på vurderingar som er såpass omfattande at dei bør behandlast i eiga sak

Vedtak:

Saka vert utsett.

Samrøystes.

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	08/2020	Arkiv nr.:	141.2	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Søknad om stønad til jegerprøvekurs

Sakspapir:

- E-post sendt 6. januar 2020. Søknad frå Lom jeger- og fiskarforeining. Stønad til jegerprøvekurs.
- Sak 27/2016. Jegerprøvekurs

Saksutgreiing:

Lom jeger og fiskarforeining har med søknad sendt 6.01.2020 bedt om stønad til dekking av utgifter knytt til jegerprøvekurs for personar under 20 år busett i Lom.

I søknaden er det opplyst at det vinter og vår 2019 har vore arrangert jegerprøvekurs i Ottadalen med til saman 40 kandidatar. Av desse har Lom jeger og fiskarforeining halde gratis kurs for kandidatane under 20 år som er busette i Lom. Det var 9 kandidatar under 20 år som er busette i Lom og kursavgifta har ein verdi på 1000 kroner pr. kandidat

Lom jeger og fiskarforeining søker om stønad ut i frå ei tredeling av kostnadane mellom Lom jeger og fiskarforeining, Lom fjellstyre og Lom kommune. Dei søker difor fjellstyret om stønad på 333 kroner per kandidat, totalt 2997 kroner.

Avslutningsvis skriv dei at det på landsbasis vert færre jegerar og dei meiner det er viktig å leggje til rette for og stimulere til at ungdommen tek jegerprøva. At ungdom beherskar og nyttar friluftslivet er også ein ikkje ubetydeleg faktor for at dei busett seg i bygdene våre etter endt utdanning.

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret behandlar til vanleg søknader om stønad på slutten av året etter at dei har oversikt over den samla søknadsmassen. Enkelte søknader, som denne, krev likevel eit raskare svar.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev tilsegn om å dekkje 1/3 av kursutgiftene med jegerprøvekurset til alle deltakarar frå Lom kommune under 20 år (t.o.m. det kalenderåret dei fyller 20) i 2019. Rekning på utgiftene skal sendast samla til fjellstyret frå kursarrangør med oversikt over deltakarane.

Fjellstyret forvaltar store areal og er ein stor aktør når det gjeld jakt og fiske. Rekrutteringa av nye og yngre jegerar ser fjellstyret på som ei viktig oppgåve, og eit allmennyttig tiltak som fjellstyret stiller seg positiv til.

Vedtak:

Som framlegget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Lom jeger og fiskarforeining - som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

- Statskog SF - som e-post.
- Rekneskapsfører – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	09/2020	<i>Arkiv nr.:</i>	0.115	<i>Møtedato:</i>	11.03.2020
<i>Saksbehandlar:</i>	Åsmund Galde				

Val av representant til styret i AS Vågåfisk for perioden 2020-2023.

Saksutgreiing:

Lom fjellstyre og Tesse fiskarlag er baa medeigarar i AS Vågåfisk og representerte i styret der. Dei har veksla på å ha styremedlemen og varamedlemen med to års intervall. For førre kommunevalperioden var leiaren Erik Frisvold fjellstyret sin representant, to år som medlem og to år som varamedlem.

Fjellstyret må på ny velja ein representant til styret, for perioden 2020 – 2023.

Vedtak:

Svanhild Lyngved Solheim vert vald til å vera Lom fjellstyre sin representant, anten som medlem eller varamedlem, i styret i AS Vågåfisk for perioden 2020-2023. Samrøystes.

Utskrift går til:

- AS Vågåfisk

Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	10/2020	<i>Arkiv nr.:</i>	123	<i>Møtedato:</i>	11.03.2020
<i>Saksbehandler:</i>	Magny Hilde				

Godkjenning av årsrekneskap 2019 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Rekneskapen for 2019 for Lom fjellstyre.

Rekneskapen vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

I brev av 8.11.2018 frå Innlandet Revisjon er det presisert at rekneskapen, og også årsmeldinga, må vere signert av heile fjellstyret og dagleg leiar før revisor kan skrive revisjonsmelding. Derfor er rekneskapen ikkje ferdig revidert.

Vedtak:

Rekneskapen 2019 for Lom fjellstyre vert godkjent.

Samrøystes.

Kopi av rekneskapen går til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Innlandet Revisjon

Møtebok – Lom fjellstyre

<i>Sak nr.:</i>	11/2020	<i>Arkiv nr.:</i>	046.1	<i>Møtedato:</i>	11.03.2020
<i>Saksbehandler:</i>	Magny Hilde				

Godkjenning av Årsmelding 2019 for Lom fjellstyre.

Sakspapir:

- Årsmeldinga for 2019 for Lom fjellstyre.

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert av dagleg leiar og sekretær.

Vedtak:

Årsmeldinga 2019 vert godkjent.

Samrøystes.

Årsmeldinga sendt til:

- Kommunestyret, Lom kommune.
- Statskog SF
- Lagt ut på fellesområdet til fjellstyra på intranettet.
- Innlandet Revisjon

Møtebok – Lom fjellstyre

Sak nr.:	12/2020	Arkiv nr.:	433.2	Møtedato:	11.03.2020
Saksbehandler:	Åsmund Galde				

Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om løyve til å arrangere ultraløp frå Glitterheim til Juvasshytta, over Glittertind og Galdhøpiggen.

Saksutgreiing:

Lom IL skigruppa har i samarbeid med Glitterheim, Juvasshytta og Lom og Skjåk Røde kors hjelpekorps har i e-post 4. mars søkt Jotunheimen Nasjonalparkstyre om løyve til å arrangere eit ultraløp i Jotunheimen. Løpet er beskrive som eit «eco trail løp» og i søknaden er arrangementet skissert slik:

Start: Glitterheim

Mål: Juvasshytta.

Trase: Følgje T market stig over Glittertind og ned til Spiterstulen. Fra Spiterstulen følger stig til Galdhøpiggen. Ned stigen mot Styggebreen, over til Galdhøe og Kjelhøe og ned til Juvasshytta.

Reglement: Alle må ha med seg det nødvendige i sekken. Krav om kleder og utstyr i forhold til vær og værmelding. Blir sjekket før start. Dette skal være eit Eco trail løp, dvs ingen kan forurense med å kaste søppel i naturen, eller på annan måte legge igjen merker i naturen. Brudd på reglementet vil medføre diskfalisasjon fra løpet og ikkje godkjent tidtaking og dermed ikke plassering.

Organisering: Startflagg i Glitterheim og målportal på Juvasshytta. Ingen merking av trase, men sjekkpunkt på Glittertind, Spiterstulen, Galdhøpiggen samt vakter ved Styggebreen. Alle deltakere må innom sjekkpunkta for å få godkjent løpet. Vanleg klasseideling.

Mat og drikkepåfylling ved kryssing av vegen ved Spiterstulen.

Ved spesielle værtilhøve der det ikkje er ansvarleg å sende folk over toppene vil løpet gå etter vanlig merket stig mellom Glitterheim og Juvasshytta via Spiterstulen.

Mannskap: 2 pers i start. 2 pers i mål. 2 på Glittertind. 2 på Spiterstulen 2 på Galdhøpiggen. Vakter ved Styggebreen. Tidtakere 2 stk på Juvasshytta. EQ timing som tidtaking. Røde kors vakter langs ruta. Førarane på Juvashytta har ansvar for brepassering. Røde kors for sikkerheit.

Teknisk arrangør: Lom IL skigruppa

Medarrangørar: Glitterheim, Juvasshytta og Lom og Skjåk Røde kors hjelpekorps

Premiering: Deltakerpremie til alle. Premiering av nr 1,2 og 3 i alle årsklasser for menn og kvinner. Hovedpremie til raskeste mann og raskeste kvinne. Premieutdeling på Juvasshytta eller på Norsk Fjellsenter i Lom.

Tidspunkt: Slutten av juni eller starten av juli

Samarbeidspartnere: Sponsorar på startnr, heimeside, t-skjorter. Startnr utdeling i samarbeid med SNO og fjellstyret. Egen lavo i Glitterheim for å hente startnr. I tillegg får alle deltakere informasjon om nasjonalparker og reglement, hvordan bruke nasjonalparker.

Markedsføring: Sosiale medier. Aviser. Radio. TV.

Opplysninger og merknader:

Møtebok – Lom fjellstyre

Statskog ynskjer å behandle søknader om slike arrangement etter §12 i fjellova om grunndisponeringstiltak:

Iverksetjing av grunndisponeringstiltak – herunder tiltak som gjeld vassdrag – i statsallmenning kan berre skje når det ikkje medfører vesentleg skade for nokon som har bruksrett, og under omsyn til prinsippa for naturvern. Om eit tiltak vil medføre vesentleg skade for bruksrettar vert avgjort ved skjøn.

Det er Statskog SF som tek avgjerd i saka, men fjellstyret skal ha høve til å kome med fråsegn.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret tilrår at Statskog SF gjev løyve til arrangementet på vilkår som skissert i søknaden.

Arrangementet er planlagt i eit område, og etter merka stigar, som årleg blir brukt av fleire tusen fotturistar. Fjellstyret kan ikkje sjå at eit slik arrangement vil utgjere ein vesentleg forskjell eller ulempe for nokon med bruksrett, andre brukerar av området eller for omsynet til naturvern. Bruk av vegen/parkeringsplass og området rundt og ved Spiterstulen i samband med arrangementet må avklarast med eigerane.

Løyvet bør gjelde som forsøk i 2020, og må evaluerast i samråd med Nasjonalparkstyret før ei eventuell vidareføring.

Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post
- Skigruppa i Lom IL v/ Knut Vole – som e-post
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen – som e-post

Møtebok – Lom fjellstyre